



Hordaland Bonde-  
og Småbrukarlag

# Årsmelding 2023



**BILREKLAME - FOLIERING  
STAND OG MESSEMATERIELL  
SKILT OG DEKOR FASADEDEKOR  
KLISTREMERKERPRINT OG TRYKKSAKER  
GRAFISK DESIGN - KLESTRYKK -  
LOGO OG MERKEVAREBYGGING  
MERKEVAREBYGGING - STEMPEL**



**GRAFISKHUS  
TRYKKSERVICE**

Kvassnesvegen 58 - 5914 ISDALSTØ  
Tlf. 56 35 22 50 - [www.trykkservice.no](http://www.trykkservice.no)  
facebook: Garafisk-Hus - E-post: [post@trykkservice.no](mailto:post@trykkservice.no)



**JAN MO A.S**

Øystese | 56 55 59 22 | [janmo.no](http://janmo.no)

**KRANARBEID  
TRANSPORT  
SINGEL OG SAND  
SILOBALLAR  
HALM  
CONTAINERUTLEIGE**

# Innhald

Tillitsvalde i HBS 2023 .....	4
Lokallagsleiarar 2023 .....	5
Leiaren har ordet .....	7
Referat frå årsmøte 2023 .....	9
Landsmøte 2023 .....	14
Jordbruksforhandlingane 2023 .....	18
Styret i arbeid .....	22
Markvandring med HMS .....	23
Seminar: Kven er landbruket til for? .....	24
Hagevandring Ullensvang .....	25
1.mai i Odda .....	26
Etnemarknaden .....	27
Prat med ein lokallagsleiar .....	28
Bybonden i Bergen .....	30
Bondens marknad .....	31
REKO-ringen .....	33
Nye medlemmer til NBS .....	35
BAMA og Gartnerhallen .....	37
Innlegg i Nationen september 2023 .....	39
Sommarturen 2023 .....	40
Årsrekneskap og budsjett .....	42



## Tillitsvalde 2023

Hordaland Bonde- og Småbrukarlag

### Leiar:

Leif Grutle  
5554 Valevåg  
98639004  
leif.grutle@haugnett.no

### Nestleiar:

Arne Lofthus  
5781 Lofthus  
99355590  
alofthu@online.no

### Styremedlemmer:

Jarle Helland  
5936 Manger  
41320601  
jarlehelland@hotmail.com

Birte Larsen  
Rosenlundv.31  
5146 Fyllingsdalen  
93207536  
post@strutsefarmen.no

Tina Bøe Buer  
5211 Os  
41625254  
tinabbuer@gmail.com

Mari Austvoll Gjengedal  
Tveit 31, 5650 Tysse  
97045683  
[mari.gjengedal@gmail.com](mailto:mari.gjengedal@gmail.com)

Irene Dalland  
5680 Tysnes  
95049131  
irene@dallandgard.no

### Varamedlemmer:

Sondre Århus  
Teigdalsvegen 911  
5707 Evanger  
90873540  
[sondreaarhus@gmail.com](mailto:sondreaarhus@gmail.com)

Anders Lundevold  
Bårdsundvegen 89  
5685 Uggdal  
93847508  
alundevold@hotmail.com

Sindre Taxt Måge  
5776 Nå  
99466959  
simaage@gmail.com

### Fylkessekretær:

Åse-Marie Reisæter  
Reisetevegen 122  
5776 Nå  
48021004  
hordaland@smabrukarlaget.no

### Heimeside:

[www.smabrukarlaget.no](http://www.smabrukarlaget.no)

### Org.nr.

971357282

### Kontonr.

9581 1076644

## Leiarar i lokallaga 2023

### **Bømlo og Stord:**

Svein Trygve Larsen  
Kanalv.11  
5437 Finnås  
913 88 138  
[svein.trygve.larsen@gmail.com](mailto:svein.trygve.larsen@gmail.com)

### **Etne:**

Tore Aga Silde  
Nernesvegen 27  
5590 Etne  
915 45 088  
[tore.aga.silde@hotmail.com](mailto:tore.aga.silde@hotmail.com)

### **Midthordland:**

Dag Kyrre Lygre  
Lygre  
5646 Nordtveitrend  
48249418  
[dagkyrre@gmail.com](mailto:dagkyrre@gmail.com)

### **Kvinnherad og Kvam:**

Siri Byrkjeland  
Fossovegen 9  
5600 Norheimsund  
907 23 881  
[sibyrkje@online.no](mailto:sibyrkje@online.no)

### **Masfjorden:**

Bjørn Egil Nordland  
Solheimslia 149  
5983 Haugsvær  
95746490  
[bjornegil8@hotmail.com](mailto:bjornegil8@hotmail.com)

### **Osterøy:**

Øystein Hole  
Hosanger  
5282 Lonevåg  
959 01 981  
[eysteinhole@gmail.com](mailto:eysteinhole@gmail.com)

### **Radøy:**

Oddvar Stang  
Valdersnesvegen 181  
5939 Sletta  
907 97 773  
[oddvasta@online.no](mailto:oddvasta@online.no)

### **Sotra og Øygarden:**

Svein Misje  
Mattisbrekko 4  
5366 Misje  
959 13 082  
[svein.misje@bkkfiber.no](mailto:svein.misje@bkkfiber.no)

### **Sveio:**

Brit Oddrun Stuve  
Søre Tjernagel 55  
5550 Sveio  
45049698  
[li-rein@online.no](mailto:li-rein@online.no)

### **Tysnes:**

Anders Lundevold  
Bårdsundvegen 89  
5685 Uggdal  
93847508  
[alundevold@hotmail.com](mailto:alundevold@hotmail.com)

### **Ullensvang:**

Johannes Rogdo  
Rogdavegen 110, 5776 Nå  
41008813  
[johannes@rogdo.no](mailto:johannes@rogdo.no)

### **Ulvik:**

Kyrre Manger  
Kvålsvegen 37, 5730 Ulvik  
95938952  
[kyrre\\_m@hotmail.com](mailto:kyrre_m@hotmail.com)

### **Voss:**

Nils Martin Seim  
Seimsv.147  
5708 Voss  
48154386  
[nilsmartin@vossoppmaaling.no](mailto:nilsmartin@vossoppmaaling.no)



# Sammen tar vi vare på jorda, dyra og framtida

Felleskjøpet tilbyr deg de beste produktene og helhetlig rådgivning i alle deler av bondens drift. Fra maskin og redskap, driftsbygninger og fjøs, til fôr, plantevern, såvare, gjødsel og øvrige landbruksrekvisita.

Vi er tilgjengelige hele året, og er eneste totalleverandøren med skreddersydde produkter og tjenester til landbruket.



**Felleskjøpet**

Tlf: 72 50 50 50 · felleskjopet.no



*Lundal*<sup>®</sup>  
KVALITET SIDAN 1870

[www.johslundal.no](http://www.johslundal.no)

## Leiaren

Fyrste heile året med ny leiar og mange utskiftingar i sentralstyret og sekretariat. Og ikkje minst vår eigen Anton Langeland på plass som generalsekretær frå nyttår. Dette har ført til eit nytt stort engasjement i organisasjonen vår. Dei var raskt i gang med alliansebygging. For me klarer ikkje å endre kursen utan solid støtte og forståing elles i samfunnet.

Dei klarde å halde det internt til like før forhandlingane, men gjennom heile vinteren var tre sentrale skikkelsar med som rådgjevarar i arbeidet med å førebu jordbruksforhandlingane.

Robert Mood har i ein mannsalder vore i Forsvaret, på svært mange nivå, og president i Norges Røde Kors. Norge utan eigen matproduksjon og lokale bønder tapar på alle nivå i ein forsvarskamp, var hans hovudbodskap.

Jan Davidsen, mangeårig sentral i fagforeningsarbeid som leiar i Fagforbundet og Pensjonistforbundet, sit med masse kunnskap som var viktig for organisasjonen vår.

Anja Bakken Riise, leiar i Framtiden i våre hender, bidrog fyrst og fremst med å hjelpe til med det miljøpolitiske arbeidet.

Me har eit mål om å skape engasjement, bygge allianser og hjelpe Regjeringa og Stortingsfleirtalet med å forstå kva som skal til av plan og politikk, for at dei kan nå sine egne målsetjingar nedfelt i Regjeringserklæringa. «Vi må tåle å være modige sammen» som Tor Jacob seier.

Med berre kring 37.000 bønder igjen, er jordbruket på vikande front i svært mange tilfelle, også når det gjeld kunnskap om matproduksjon. I eit demokrati har vi svært få stemmer, og dermed er det vanskeleg å få opp forståinga i samfunnet, for ein trygg og sikker eigen matproduksjon.

Sjølve jordbruksforhandlingane vart eit tankevekkjande døme på maktforholda og alliansane som er, for framleis å halde stø kurs.

For fyrste gong i historia vart dei to organisasjonane ikkje einige, og Staten ba partane skrive kvar sitt posisjonsnotat. Desse kan lesast på NBS si heimeside. Enden på visa vart at Staten valde Bondelaget, med begrunning at berre Bondelaget «anerkjente ramma for årets forhandlinger». Når vi spør om kva rammer vi ikkje anerkjente, får vi ikkje svar. Sjå innlegg me hadde i Nationen, her i årsmeldinga. Det er også verd å leggje merke til ordbruken etter at forhandlingane var ferdige: «Tidenes jordbruksavtale», «Eit stort jafs av opptrappingsplanen er gjennomført» osv. Men optimismen vart raskt borte, og tilhøva er kanskje verre enn nokon gong.

Etter at forhandlingane var over, har NBS klart å lage ikkje mindre enn 3 store rapportar/planar:

1 Rett talgrunnlag:

Menon-rapporten om kapitalkostnader i totalalkylen for jordbruket

2 Opptrappingsplan for norsk jordbruk. Kva skal til for ein nødvendig investering i trygg norsk matproduksjon.

3 Plan for 50% sjølvforsyning innan 2026

Dei to siste planane er i desse dagar ute på høyring for å forankre dei enda tydelegare i organisasjonen.



Vidare fekk Hordaland BS Landsmøtet med seg på oppmodinga om å lage ein tydeleg Miljø- og Bærekraftsplan for organisasjonen. Når det gjeld Klima- og Bærekraftsplan, blir det viktig for organisasjonen å drøfte om det er rett å samanlikne biologiske utslepp med utslepp frå fossile kjelder. Samanlikne det som har vore rundt oss i millionar av år, og som har blitt ein del av eit naturleg kretsløp, med utslepp frå fossile kjelder, som verkeleg har skote i veg, særleg etter 1950. Personleg meiner eg dette er ei gedigen økologisk misforståing. Jordbruket bør sjå på klimaplanen på nytt, og i mykje større grad koble det opp mot eit «Landbruk i eit evighetsperspektiv». Då blir mellom anna drøvtyggarane ein del av løysinga, ikkje som no, ein del av problema.

Takk for meg.

Dette året blir mitt siste som leiar i fylkeslaget.

Men engasjementet mitt for jordbruket og bygdene, vil nok vere med meg også framover.

Leif Grutle



Leiar Leif Grutle (til venstre) i lag med tidlegare leiar Jarle Helland.



## Årsmøtesamling 4.-5.mars 2023. Sogn og Fjordane BS og Hordaland BS.

Samlinga var på Gloppen Hotell, Sandane.

### Dag 1.

Fylkesleiar i Sogn og Fjordane BS, Hanne Bjerkvik, ynskta velkomen til felles årsmøtesamling. Varaordførar i Gloppen kommune ynskta oss velkomen til kommunen.

### **Sjølvforsyning i eige fylke i eit evigheitsperspektiv.**

#### **Generalskretær i NBS Anton Langeland.**

Me er viktige kulturberarar og me er heldige som ser verdien av det me skapar. Men me må setjast i stand til å ta vare på matproduksjonen inn i evigheita. Me må få verktøya som skal til for å kunne bruke dei norske ressursane utan å misbruke naturen. Mat må produserast i rett mengd, og bøndene er gode til omstilling. Effektivitetskravet i jordbruksforhandlingane må fjernast..

### **Sunn jord for ei utrygg framtid.**

#### **Åsmund Kvifte, NIBIO Vest.**

Det er lett å ta for gitt at jorda er frisk. Vanlegvis tyder mykje meitemark på at det er god jord. Vestlandsklimaet, kaldt og vått, har både fordelar og ulemper. Mykje nedbør gjer jorda sur og i tillegg ekstra utsett for køyreskadar. Samanpressa jord gir dårlege tilhøve for meitemarken, og det blir dårlegare jordhelse. Drenering er viktig, men tilskotssystemet vårt eignar seg ikkje for våre tilhøve.

### **Jordbruket - ei utdøande næring?**

#### **Robbie Bankes og Johanne Paulsen, Sogn Jord- og Hagebrukskule.**

Rekruttering av ungdom til bondeyrket. Kvifor bli bønder? Robbie og Johanne fortalde om sine tankar og erfaringar, som elevar ved SJH.

### **Debatt.**

**Eli Berge Ness starta med å lese opp ei helsing frå Anders Hopland:** Mange bønder i Vestland vil få store problem med å innfri krava som kjem i 2024 og 2034. Me vil få sjå at svært mange gir opp og sluttar med mjølkeproduksjon. Dette vil også gå ut over beitinga, noko som er ei hjartesak for NBS. 2024-krava må vekk og 2034-krava må berre gjelde nybygg.

**Folven:** Mjølkeproduksjon er bærebjelken her, no raknar det. Krav om 16 vekers beiting vil rasere marka, det blir ikkje dyrevelferd. Kvotetaket må ned til 450 tonn. Ein skal ha betalt for den jobben ein gjer, i forhold til årsverk.

**Grutle:** Jordbrukskulen i Aurland er viktig. Me treng ein politikk som ivaretek jorda og bonden. Økonomi er viktig.

**Juklestad:** NBS har eit landsmøtevedtak for marknadsregulering i alle produksjonar. Kvifor det, når produksjonen går ned?

**Eide (Nortura):** Oppslutninga om samvirket har gått ned. Stemmer det at Budsjettnemnda i NBS har kritisert samvirket til fordel for privatbedrifter? Regulering av saueprod. blir viktig.

**Bjerkvik:** Bonden er under sterkt press, det må bli lettare å be om hjelp. Omdømme er viktig.

**Stang:** Tidlegare handla sjølvforsyning om å overleve. No er det ein person som driftar aleine, det gjer oss sårbare.

**Folven:** Produksjonsregulering for sau er nødvendig. Kvotar vert vanskeleg, men det kan styrast gjennom tilskotsordningar.

**Gjengedal:** Mangesysleri er det einaste som passar mange plassar, men kjem ikkje inn under tilskotsordningane. Me må bli fleire bønder. Lønsemd og sjølvforsyning heng saman.

**Seim:** Har investert trass i negativ kapitalavkastning. Har tru på framtida, men noko må skje no, ellers raknar alt. Gode folk i NBS no. Inntekt og avkastning på kapital må på plass dersom me skal ha jordbruk framover.

**Langeland:** Takk for gode innspel til oss i NBS. Me treng å bli fleire bønder, viktig at me tek vare på kvarandre, terskelen for å ta kontakt ved problem må senkast.

**Bondelagsrepr.:** Viktig at organisasjonane står saman. Me må einast om kravet til jordbruksforhandlingane og forhandle til kassen er tom, det er betre å inngå avtale enn å ta i mot Statens tilbod. Kvotar på sau går ikkje an, då vert det spekulasjonar, produksjonsregulering vert noko anna. Me har ikkje overproduksjon, men overimport. Fjern teljedato. Betre tollvern er viktig. Klimaavtalen er viktig.

**Håland:** Farleg å ikkje snakke om overproduksjon, jordbruket har ansvar for produksjonsregulering. I inntektskampen må ikkje små bruk bli gløymde, småbrukstilskot.

**Seim:** «Dette er det beste vi kan få til» er det verste eg høyrer.

**Stang:** Stadig fleire dyre krav og dokumentasjon for å få lov til å drive.

Dyrevelferdsprogrammet blir dyrt for dei med fleire produksjonar.

**Langeland:** Ingen overproduksjon i Norge i dag, me importerer meir enn det som går på lager. Treng likevel produksjonsregulering. Eit årsverk skal løne seg uansett kor mykje som blir produsert på det årsverket. Kapitalavkastning må også vere med.

## Dag 2.

### **Gjensidigeavtalen.**

Ole Johan Hegrenes frå Gjensidige Sogn og Fjordane gjekk gjennom avtalen.

### **Uttalar.**

Dei to laga vart samde om 4 uttalar frå årsmøtet.

## **Referat frå årsmøte i Hordaland Bonde- og Småbrukarlag**

### **5.mars 2023.**

Fylkesårsmøtet vart gjennomført dag to på fellesårsmøtesamling med Sogn og Fjordane BS. 8 utsendingar deltok på årsmøtet, i tillegg til fylkesleiar, fylkessekretær og generalsekretær Anton Langeland.

Etter godkjenning av innkalling og eit opprop, vart Arne Lofthus vald til møteleiar.

Val av referent: Åse-Marie Reisæter.

Val av to til å skriva under referatet: Siri Byrkjeland og Oddvar Stang.

## **Leiars tale.**

Det siste året har vore som ein berg-og-dal-bane, med vedtak i NBS som ikkje er følgde opp og dårlege prosessar i Partnerskapen. Saka om investeringstilskot frå Vestland fylke til ombygging til lausdrift, var ein lærerik prosess og viste tydeleg korleis Partnerskapen og maktforholda virkar. Det er ikkje lett å skape endringar. Me har jobba godt politisk, men må bli betre til å få sakene våre fram i media. Glad for ny leiar og ny generalsekretær i NBS, det skapar energi og pågangsmot. 2023 vil bli eit spennande år, der matvareberedskap, importvern og kamp mot kjedemakta vil bli sentralt. Framover blir det viktig å involvere folk utanom jordbruket.

## **Debatt:**

**Stang:** Næringsministeren prøver å gjere noko med kjedemakta, men det viser seg vanskeleg. Korleis kan det ha seg at Norge har ein av Europas lågaste mjølkeprisar men dyrast mjølk i butikkane? Mange heiar på landbruket, det må me nytte oss meir av.

**Lofthus:** Det viser seg at det ikkje blir ført referat frå møta i Partnerskapen. Langeland: Det skal det vere, og me bør be Fylkeskommunen om ein lovlegheitskontroll.

**Helland:** Det er stor skilnad i inntekt innad i jordbruket, den må jamnast ut. Husdyrproduksjonen på Vestlandet kjem spesielt dårleg ut.

**Gjengedal:** Jamnstilling innad i jordbruket må vere sjølvsagt. Me må vere kompromisslause når det gjeld arealbruk, bruk av eigne ressursar må løne seg.

**Seim:** Einig med Helland, men totalrammene må aukast før omfordeling .

**Helland:** Ein del bønder ligg over gjennomsnittet i inntekt, dei bør få generell lønsauke og kostnadskompensasjon, ikkje meir. NBS må ta denne jobben for at me skal oppnå auka sjølvforsyning.

**Byrkjeland:** Dagsturhytte i Kvam er plassert midt i beiteområde, og har, ikkje uventa, fått store uheldige konsekvensar. Det er gjort mange feil i sakshandsaminga, men trass i innsats frå fleire, har det ikkje lukkast å nå fram verken hos kommunen eller Statsforvaltaren.

## **Årsmeldinga vart gjennomgått og godkjent. Den er sendt ut til alle medlemmer.**

Kommentarar: Det kunne vore litt meir om kven me er, intervju med bønder, fleire bilete. Me er invitert til å halde 1.mai-appell i Odda dette året også. Anton tek dette oppdraget.

## **Rekneskapen vart lagt fram og godkjent.**

Kommentarar: Grunnen til unormalt høge tal i «Balanse» er at pengar til Rogaland BS vart feil overført, og kom til oss. Under «Gåver og helsingar» er det ført 15.000 kr som me løyvde til eit prosjekt. Leiar har ikkje teke ut dei løyvde 7.000 kr i adm.kostnader.

## **Budsjett vart lagt fram og vedteke med nokre endringar:**

Dei10.000 som var avsett til sommarsamling går ut, løn til leiar vert auka tilsvarande, til 35.000.

Arbeidsgivaravg. vil då auke med ca.1.400 kr til 25.595.

Styreutgifter endrast frå 17.000 til 12.000. Reiser og repr.: 15.000+5.000-1400=18.600.



## Val.

**Leiar:** Leif Grutle                      attval                      valt for 1 år

## Styre:

Birte Larsen                              attval                      valt for 2 år

Jarle Helland                            attval                      valt for 2 år

Mari Austvoll Gjengedal            ny                            valt for 2 år

Arne Lofthus                            ikkje på val

Tina Bøe Buer                          ikkje på val

Irene Dalland                          ikkje på val

## Vara:

1. Sondre Århus                        ny                            valt for 1 år

2. Anders Lundevoid                ny                            valt for 1 år

3. Sindre Taxt Måge                attval                      valt for 1 år

**Ungdomsutval:** Sindre Taxt Måge, Johannes Rogdo, Tore Aga Silde. Alle attvalt for 1 år.

Utsending til representantskapsmøte i NBS: Leif Grutle. Vara: Arne Lofthus.

## Valnemnd:

Øystein Hole (leiar) 1 år, Dag Kyrre Lygre 2 år, Edel Karin Ertsås Alpen 3 år.

Til slutt takka Leif for tilliten og for møtet.





Årsmøtemiddag på Søvane Gard.

# Voss | Rekneskap AS

Autorisert rekneskapsførarselskap

Truleg det beste

## Sortimentet til sau

Fiskå Mølle sitt førsortiment gir full dekning av protein, energi, vitamin og mineral.

- for livskraftige dyr med god tilvekst.

### TOPLAC® SAU

- Gir auka mjølkkeyting
- Perfekt ved store kull/kort inneførsperiode etter lamming

### TOPLAC® SAU FIBER

- Gir betre vommiljø
- Består av 75% TopLac Sau, 25% Roetopp

### SAU/LAM APPETITT

- Smakleg og fiberrik
- Inneføring: "all-round"-fôr til alle dyr

### SAUEFØR

- Høgt proteininnhald gir god lammetilvekst
- Beste val dersom inneføring etter lamming overstig 3 veker

### SAUEFØR DREKTIG

- Ekstra vitamin og mineral
- Organisk selen og mykje vitamin E
- 3-5 hekto dekkjer behovet

### LAM BEITE

- Svært fiberrikt fôr gir gode magar på beite
- Perfekt i kraftfôromatar

## Landsmøtet i NBS 2023

Hordaland hadde med 10 utsendingar frå lokallaga i fylket til årsmøtet på Hamar. I tillegg var fylkessekretær Åse Marie Reisæter og leiar Leif Grutle med. Det var knytt stor spenning til landsmøtet fordi landslaget ser ut til å vera i siget med nye medlemmer, og mange NBS saker har fått mykje merksemd i media.

Økonomien i jordbruket var naturleg nok eit av hovudtema, der talgrunnlaget bak realitetsforståinga og korleis ein skal byggja opp eit godt fundamentert krav frå jordbruket i framtida er viktig. Endring av jordbrukspolitikk i ein meir NBS-retning engasjerer mange, og det var knytt spaning til korleis dette ville bli diskutert.

Vidare var det knytt stor interesse til valet av nye styremedlemmer til landsstyret.

Me var fire personar i bil frå Ullensvang, over Hardangervidda i byrjande vinterføre, gjennom Hallingdal med mykje snø, og omsider framme på Hamar. Sindre var solid sjåfør i sikker bil. Hotellet var flott, for oss utsendingar såg det meste ut til å fungera godt. For nokre av oss eldre var det knytt stor spenning til korleis det digitale voringssystemet ville fungera, og me fekk koma på kurs i forkant. Talelista for utsendingane var og styrt digitalt, og til slutt viste det seg at det heile fungerte nokså bra.

Eg trur eg kan seia at det var eit årsmøte der utsendingane fekk koma til på god måte. Den nye Mat- og Landbruksministeren Pollestad var der, og greidde seg godt gjennom dei mange spørsmåla han vart utfordra på. Som vanleg, ingen lovnader om store endringar i politikk, men han må få prøva seg før me dømmer for hardt.

Leiar Tor Jacob Solberg hadde ein tilbaketrekt rolle i det heile tykte eg, men det var tydeleg at han følgde med på alle innlegga. Korte og gode talar i start og til slutt frå han, entusiasmen omkring han som leiar er stor heldigvis.

Valet til nytt styre sette det digitale voringssystemet på prøve, men til slutt kom ein i mål. Me frå Hordaland sette pris på at det kom inn ein sauebonde frå Nordland i styret. RakeI Nystadbakk var villig til å ta styreverv og me i fylkeslaget vårt sytte for at ho kom inn i det nye styret.

Heimturen gjekk som ein røyk, og me hadde truleg med oss Coronasmitte som ekstrapassasjer. I alle fall sat landsmøtet lenge i for fleire av oss. Neste år skal landsmøtet vera på Gardermoen, nye utsendingar kan gleda seg.

Arne



Frå Landsmøtesalen.

Framme:  
Bjørn Egil Nordland  
Håvard Holt  
Sindre Taxt Måge  
Bak:  
Johan Milde  
Kristian Eilerås  
Thomas Harris  
Arne Lofthus  
Theresa A. Mæhle  
Nils Martin Seim



Deltakarar frå Hordaland: Framme: Thomas Harris, Theresa A. Mæhle, Sindre Taxt Måge (alle Ullensvang), Johan Milde (Midthordland), Leif Grutle (fylkesleiar), Nils Martin Seim (Voss). Bak: Arne Lofthus (Ullensvang), Åse-Marie Reisæter (fylkessekretær), Kristian Eilerås (Sveio), Bjørn Egil Nordland (Masfjorden).

## **Sak til Landsmøtet 2023 frå Hordaland Bonde- og Småbrukarlag**

### **Klimadebatten**

Hordaland Bonde- og Småbrukarlag ynskjer ein grundig debatt i organisasjonen om korleis me best kan få fram våre syn på problemstillingane i klimadebatten. Me vil at me finn andre måtar å ta tak i dette på, enn det som vert gjort i dag, med klimakalkulator og liknande. Er me einige i premissa for debatten? Det er stor usemje om kva som er klimavenleg, og felles forståing av problem og verkelegheit blir viktig. Det er viktig at NBS set agenda og er ei tydeleg stemme, dette må forankrast i organisasjonen. Me føreslår at NBS-styret får ansvar for å finne engsjerte medlemmer som kan danne ei arbeidsgruppe som får i oppgåve å involvere heile organisasjonen i å utarbeide «vår stemme i klimadebatten», kva me vil og korleis me vil diskutere. Arbeidet må resultere i konkrete og tydelege meiningar som alle i organisasjonen kan fronte. Webinar kan vere ein aktuell start. Det skal utarbeidast ein rapport som blir presentert på neste Landsmøte.

Landsmøtet ber landsstyret gjennomføre eit prosjekt for å kartlegge, formulere og spisse organisasjonens standpunkt til landbruksrelaterte klimaspørsmål slik at me kan ta ein tydeleg posisjon og legge premissa i den nasjonale klimadebatten. Prosjektet må involvere grundige diskusjonar i heile organisasjonen og lede fram til eit skriftleg posisjonsdokument som er godt forankra i medlemsmassen. Posisjonsdokumentet skal leggast fram for neste landsmøte.

*Saka vart vedteken.*



# TRENG DU EIN NY SPARRINGSPARTNAR PÅ GARDEN DIN?

**Tveit Regnskap** er landets største kompetansemiljø innan landbruksøkonomi og rekneskap.

Me kan hjelpe med alt av rekneskapstenester og økonomirådgjeving på ditt gardsbruk.

**Ta kontakt for en uforpliktende samtale.**

Tlf. 52 76 71 00 eller  
post@tveit.no

[www.tveit.no](http://www.tveit.no)



**TVEIT**

REGNSKAP & RÅDGIVNING



# Landbruksmekanisk Inge Hjelle

Stolt forhandler av **McHale** og **CASHELS Engineering**

**Utstyr for rundballepressing, pakking og handtering.**



**Det beste alternativet for dei som ynskjer breiplast er utan tvil, McHale Fusion 3 plus med breiplastbinding og touchskjerm styreboks.**

## **Nokre nye og brukte maskiner på lager.**

### **Lagerrydding av handteringsutstyr, sterkt reduserte prisar!**

**Skal du ha ny presse i år? Eller kanskje ei ny klype? Gjer gode handlar no! Handteringsutstyr vert lagerført for kjapp levering, hurtigfeste etter ynskje. For komplett sortiment sjå importørens heimeside [www.maskindrift.no](http://www.maskindrift.no)**

**Elles det meste i diagnose, reparasjon og vedlikehald av traktor og landbruksreiskap. Tek og noko sveising av stål, rustfritt og aluminium.**

### **Kva kan eg hjelpa deg med?**

**Ta kontakt heilt uforpliktande, så ser me kva me får til!**

**Landbruksmekanisk Inge Hjelle når du på tlf: 959 62 998**



## Jordbruksforhandlingane 2023

### I januar 2023 sende me dette til fylkespolitikarane i Vestland.

I Hurdalsplattforma står det:

«Samfunnsoppdraget til jordbruket er å sikre Noregs befolkning nok og trygg mat produsert på norske naturressursar, og slik bidra til arbeid, god ernæring og helse. For å sikre landbruk over heile landet, auka verdiskaping og redusert klimaavtrykk er det naudsynt å auke lønsemnda i bruk av jordbruksareala.»

For at jordbruket/bonden skal kunna oppfylle dette, er det naudsynt med ein politikk og verkemidlar som gjer det mogleg. Sikkordet er areal. Som det står i Hurdalsplattforma, må det verta meir lønsamt å bruke jordbruksareala. Får ein ikkje til ein endring her, blir det ingen auka sjølvforsyning.

Jordbrukspolitikken idag fører til mykje jordbruksareal ute av drift. Stadig færre bønder gjer at stell av mykje jordbruksland ikkje blir utført. Effektiviseringa har gått alt for langt, og Vestland fylke er mellom dei i Noreg med mest areal ute av drift. Bruk av tungdrivne areal er mykje meir arbeidskrevjande enn bruk av billeg kraftfor til husdyra. Resultatet vert at mykje slåtteareal og beite ikkje vert nytta, men erstatta med kraftfor.

I jordbruksavtalen vert diverre meir og meir pengemidlar brukt til «prisnedskrivning» av kraftfor. Dette er ikkje bærekraftig matproduksjon fordi jordbruket vårt blir altfor avhengig av importerte forråvarer.

Meir av midlane over jordbruksavtalen må koma som tilskot til det vanskelegaste jordbruksarealet. Med dei datateknologiske hjelpemidla me har i dag, som detaljerte gardskart, kan større del av det tungdrivne og vanskelege arealet få meir av tilskota. Vestland har mykje slikt areal. Miljøregionale tilskot i dag brukar slik teknologi.

Innmarksbeite, areal som ikkje er fulldyrka eller overflatedyrka, må få større verdi med auka tilskot. Dette er viktige beiteareal som har stor verdi også i klimasamheng og med tanke på biologisk mangfald.

Hurdalsplattforma slår fast at lønsemnda i norsk jordbruk må styrkjast. Då må politiske myndigheiter fyrst slå fast at dei voldsame kostnadsaukingane jordbruket opplever skal kompensera slik at inntektsauke vert reell.

For mjølkeproduksjonen i Vestland fylke er framtida alvorleg dyster fordi så mange mjølkebruk framleis driv med båsjø. Stortinget har vedteke at mjølkebruka skal produsera med såkalla lausdrift frå 2034 seinast. Det må mykje friske pengar til for å gje dei minste mjølkebruka framtidstru med lausdrift, og det hastar. Investeringsmidlar må prioriterast i størst grad til dei minste og mest sårbare mjølkeprodusentane. Det må bli slutt på krav om produksjonsauke for tildeling av investeringsmidlar.

Vestland fylke er eit stort jordbruksfylke innan mange produksjonar i Noreg idag, men kjem dårleg ut i sentraliseringa og effektiviseringa som stadig skjer innan jordbruket. Me treng hjelp av aktive fylkespolitikarar for å motverka denne utviklinga. Sentralt her er ein god og bærekraftig bruk av alt jordbruksarealet vårt, også det vanskelegaste.

Marknadshagar (grønsaksdyrking på forholdsvis små areal, der produkta vert selde lokalt) bør koma med i tilskotssystemet. Fleire fylke engasjerer seg i dette allereide, og Statsforvaltar i fleire fylke har engasjerte folk med kunnskap om dette.

### **Dette sende me inn til NBS i februar:**

**1. Følgje opp Regjeringa og Stortingsfleirtalet sine målsetjingar om jamnstilling av både inntekt og sosiale ordningar. Samt målsetjingar om å nå eit førebels mål om å auke sjølvforsyningsgraden vår frå 38% til 50%.**

Dette må følgjast opp med konkrete tal, politikk og verkemidlar.

Med ei gjennomsnittleg skattbar inntekt pr årsverk på 212.000 kr, som skal dekke både arbeids- og kapitalavkastning, er det kjempelangt igjen. Målsetjinga må vere at vi i alle fall får dekkja dette gapet med 1/3.

Minner på at vi har eit statsbudsjett på 1700 milliarder kr. Dei få prosent (1-2%) vi brukar på ein trygg matvareberedskap, er ikkje eit velferdsstat som Norge verdig.

**2. Mest mogleg opne forhandlingar.**

Jordbruksforhandlingane har svært stor betydning for alle i samfunnet. Det gjeld både matvaretryggleik, korleis landet vårt ser ut og alle dei mange sideverknadane det gir oss. Derfor blir det viktig å involvere fleire, for igjen å leggje press på Stortinget, som har det øvste ansvaret. Me må ta i bruk alle moglegheitsrom som Hovedavtalen gir, for å få dette til. NBS bør gå ut med sin hovedstrategi før ein går i forhandlingar med Bondelaget. Alle i organisasjonen må påverke politikarar og Storting før hovedforhandlingane startar.

**3. Unngå overproduksjon.**

Norsk planteproduksjon skapar ikkje overproduksjon.

Det er overimport av mat og forråvarer som i sum skapar dette.

Derfor blir det så viktig (særleg med tanke på å auke sjølvforsyningsgraden) å tenkje ut verkemidlar som dempar produksjonsiveren hos bøndene.

Først må norsk jord og planter brukast, før ein stimulerer til å bruke utanlandsk jord og planter.

I ein opptrapping av lønsemda i jordbruket blir det særleg viktig å regulere produksjonen, men det blir endå viktigare å gjere det på rett måte og i rett rekkefølge.

Prisnedskrivninga på kraftfor blir eit svært viktig element her. Ein kan ikkje først stimulere til auka produksjon, med å subsidiere kraftforet, for så i neste omgang å regulere volumet ned.

**4. Importvern.**

Importvernet bør bli ein del av jordbruksforhandlingane.

Skal vi klare å auke sjølvforsyninga må importvernet reforhandlast med dette som utgangspunkt.

Her blir det også viktig å begrense makta til matvareindustrien og daglegvarekjedene, for nettopp å nå desse måla.



## 5. Teigbaserte tilskot.

Hordaland BS har i fleire år fremja dette og prøvd å lage ein mal på korleis dette kan gjerast. (Sjå vedlegg).

Å vri tilskota meir over mot god utnytting av areala våre, blir viktig på mange måtar:

1. Stimulere til utnytting og forvaltning av alle arealressursane i landet.
2. Utjamning av arbeidsforbruket med å forvalte/stelle desse areala.
3. Utjamning av inntekt mellom lett drivne og tung drivne forhold.
4. I eit framtidsperspektiv at vi skal dyrke mat i «eit evighetsperspektiv», blir det avgjerande korleis vi forvaltar grunnressursane våre - jord, luft og vatn. Og vi forvaltar dei best med ein fornuftig bruk.
5. Dette gir også samfunnet eit viktig insitament for å oppretthalde eit landbruk over heile landet.
6. Grøftetilskota bør aukast monaleg og differensierast meir etter kostnadsoverslag.

## Teigbaserte tilskot.

Forslag til utforming av teigbaserte tilskot:

Målet med teigbaserte tilskot må vera å utjamna forskjellane i avling og å få godtgjort den ekstra arbeidsmengda det er å hausta desse areala, i forhold til det som er optimalt. For å nå målsetjinga om å auka sjølvforsyningsgraden er det naudsynt at desse areala blir brukte til matproduksjon. Då må det takast omsyn til brattlendt areal, teigblanding og teigstørrelse. Ordninga må kunne kontrollerast.

Er målet vårt ein ny kurs, så treng me virkemidlar som ikkje har vore utprøvd før.

I dag får me mest tilskot til den arealtypen som gjev størst avling per da. og arbeidstime. Den arealtypen som gjev lågast avling per da og arbeidstime går mest ut av drift.

Me bør erstatta dagens innretning av grovførtilskotet og gje det eit nytt innhald. Gardskarta gjev oss moglegheiter til å utlika driftsulemper mellom bruk heilt ned på gardsnivå/teignivå. Me kan ikkje la vere å ta i bruk den teknologien som gardskarta gjev oss til å utjamne den store uretten det er i dag mellom bruk, ved utrekning av grovførtilskotet. Me bør erstatta dagens grunnlag for utrekning av grovførtilskotet og gje det eit nytt utrekningssgrunnlag. Som i dag må dei tre arealtypepane liggja i botn. Me må leggja inn faktorar for arealtypepane slik at me får jamna ut produksjonskostnadane pr. f.e. på dei ulike arealtypepane. Vidare må det gjevast tillegg for slått av brattlendt fulldyrka og overflatedyrka. Tal teigar må òg gje auka tilskot.

*Eksempel:*

Grovförtilskotet til eit bruk på 100 da med areal fordelt slik:

20 da fulldyrka, der 5 da er bratt 1:5.

Overflatedyrka 30 da, der 5 da er bratt 1:5 og 5 da er bratt 1:3.

Innmarksbeite 50 da.

Då vert tilskotet utrekna slik i dag:

Fulldyrka/overflatedyrka 50 da = 50 da

Innmarksbeite 50 da. faktor 0,6 = 30 da

Grunnlag for tildeling av tilskotet = 80 da  
I tillegg kjem ev. brattlendt tilskot RMP

Døme på ny modell:

Fulldyrka	15 da faktor 1,0	= 15 da
Overflatedyrka	20 da faktor 1,1	= 22 da
Innmarksbeite	50 da faktor 1,2	= 60 da
Overfl. dyrka/fulldyrka bratt 1:5	10 da faktor 1,7	= 17 da
Overfl. dyrka/fulldyrka bratt 1:3	5 da faktor 2,0=	10 da
Grunnlag for tildeling av tilskotet		=124 da

Føretiltaket bør få tillegg i tilskotet for tal teigar under 3 da. For eks. 1-5 teigar eit tillegg på 5% av utrekna arealtilskot. 5-10 teigar 7% tillegg. Ved >11 teigar eit tillegg på 10 %.  
Tilskot til brattlendt vert med dette dømet ei sentral ordning og dermed teken ut av RMP.

Me meiner at modellen også kan nyttast til utrekning av arealtilskotet til frukt og bær.

Me er sikker på at denne modellen vil vera med å jamna ut dei store forskjellane me har i driftsulemper mellom bruk innan same bygd og ikkje minst innan same sone. Dei opplysningane som trengs for å fylla ut søknadsskjema kan hentast frå digitale gardskart.



**Frukt dyrka ved foten av Folgefonna**

## Styret i arbeid.

Året 2023 har vore eit spennande år. Det skjer mykje på sentralt hald. Med ny leiar og ny generalsekretær i NBS, i tillegg til fleire nyttilsette og nye rutinar på kontoret i Oslo, merkar me store endringar. Tor Jacob Solberg er synleg i media og NBS er med på å setje saker på dagsorden. Organisasjonen har fått eit løft og nye medlemmer melder seg inn.

Her i Hordaland har me og fått ein del nye medlemmer. Nokre fell også frå, så medlemstalet har halde seg ganske stabilt og er no 644. Det har vore ein del utfordringar med å få inn medlemskontingent dette året. Det nye medlemsystemet viser seg å ha nokre svakheiter som me håpar er ordna opp i no.

Styremøte heime hos Knut Conrad Milde i Fana før HMS-arrangement.  
K.C.Milde, Leif Grutle, Irene Dalland, Jarle Helland.



Dette året har me hatt 8 styremøte - halvparten fysiske og resten på Teams. Frå år til år er det mykje dei same aktivitetane me gjennomfører. Me har som vanleg sendt inn våre innspel til jordbruksforhandlingane til NBS, sendt inn svar på høyringar, hatt lesarinnlegg på trykk i aviser, stått på stand på Etnemarknaden, besøkt lokallag som ynskjer at me skal vere med på årsmøtet deira, gått i tog i Odda 1.mai mm. Facebook blir også brukt flittig, både til egne innlegg, deling av andre interessante saker og meningsutveksling.

I mai arrangerte me markvandring med HMS i Fana og i juni arrangerte me landbrukspolitisk møte med Tor Jacob Solberg m.fl. på Voss.

Ordninga med at lokallag og

fylkeslag kan få utbetalt forsikringsmidlar gjennom Gjensidige-avtalen gjeld framleis.

Lokallag som ynskjer eit innslag om forsikring og HMS på årsmøtet sitt, kontaktar fylkeslaget, så kjem ein av oss. Fire lag kvart år kan vere med.

Sommarturen gjekk til Fedje og Austrheim dette året. Det var ei flott helg i strålende sommarver. Me prøver å få til ein tur i 2024 også.

Åse-Marie

## Markvandring med HMS.

25.mai arrangerte Hordaland BS i lag med Midthordland BS markvandring med fokus på HMS. Det er andre gongen me har eit slikt arrangement. Samlinga var denne gongen hos Knut Conrad Milde i Nordviken i Fana. På bruket som han kjøpte for nokre få år sidan, driv han med geit. Driftsbygningen er eit grindverksbygg som han sjølv har sett opp.

Etter planen skulle me ha med oss ein frå Norsk Landbruksrådgiving som skulle snakka om HMS og ulike feller og farar på garden. Han vart dessverre sjuk, men verten vår Knut tok det på strak arm. Som tidlegare brannmann og HMS-ansvarleg tok han oss med rundt på garden og viste oss ulike ting som det er viktig å vere merksam på, spesielt er brannfare noko me alltid må ha i tankane. Etter ein nyttig og lærerik runde var det tid for mat og sosialt samver. Me var 13 frammøtte som grilla, drakk kaffi og koste oss, sjølv om veret var litt i kaldaste laget.

Åse-Marie



Knut fortel interesserte tilhøyrarar om korleis han har bygd opp drifta på garden og sett opp grindverksbygget.



## Seminar: Kven er landbruket til for?

8.juni 2023 inviterte Hordaland Bonde- og Småbrukarlag til seminar om jordbruket i Norge. Seminaret vart halde på Voss Kulturhus. Invitasjonar gjekk ut til medlemmer, bønder, politikarar, lokalaviser og elles alle interesserte. Ca. 50 deltok på seminaret. Det var nok mest medlemmer og andre bønder, men også nokre politikarar og kommunetilsette. Me hadde nok håpt på fleire deltakarar, men fint ver og slåttetid for mange spelte nok inn.

Målet med seminaret var å sjå nærare på kva rolle jordbruket har i det norske samfunnet. Kvifor skal vi ha eit levande landbruk i Norge? Kva må til for at vi framleis skal ha eit levande landbruk?

**Møteleiar Katinka Kilian** opna møtet med å ynskje alle velkomne. Silje Hegg, fylkessekretær i Telemark BS, spelte seljefløyte til oss, ein fin start på dagen.

**NBS-leiar Tor Jacob Solberg** trollbandt tilhøyrarane i nærare halvannan time. Han slo fast at god politikk er å gjere det rette i eit evigheitsperspektiv. Mange viktige moment vart nemnd: Ærlegheit trengs, me må få rett talgrunnlag å arbeide ut frå.

Om alt er så bra som mange hevdar, kvifor sluttar bøndene?

Når nokre få eig stadig meir, får me eit fragmentert og dårlegare samfunn. Alle må kjenne seg som ein del av samfunnet og fellesskapet. I usikre tider som no, er det på tide å gjer noko med ulikheitene, og norsk landbruk har her ein nøkkelfunksjon.

Meir fokus på ressursutnytting og produksjonsmåte, ikkje volum.

Lokal matproduksjon er viktig for beredskapen.

Hurdalsplattformen er bra, men den blir ikkje følgd. Forventningane blir ikkje innfridd og skuffelsen er stor.

Politikarane må ta styring, kjedene må kontrollerast, dei vil tene pengar og utnyttar bøndene.

Politikarane må utfordrast og ansvarleggjerast.

**Bonde og småbarnsmor Nina Sofie Gjelsvik** fortalde om kvardagen sin, med alle dei utfordringane ho møter f.eks. når det gjeld haldningar og dårlege/manglande velferdsordningar.

**Generalsekretær i NBS Anton Langeland** ga oss forklaringar og meir innsyn i talgrunnlaget som blir brukt i jordbruksforhandlingane.

**Tidlegare forsvarstopp Robert Mood** var siste innleiar. Dessverre greidde han ikkje å kome til Voss i tide, så han var med oss på videooverføring. Han slo fast at investering i matproduksjonen vår er viktigare enn investeringar i militært utstyr. Levande lokalsamfunn er fundamentet, og dette må kommuniserast ut. Storkonfliktar og krig er meir sannsynleg enn djup fred, me må våge å tenkje at dette kan ramme Norge. Det vil bli aukande usikkerheit om mat og reint vatn. Feilslåtte avlingar fører til folkevandringar som igjen fører til krig.

Til slutt var det høve til spørsmål og diskusjon. Det store spørsmålet er: kva slags jordbruk vil me ha? Og korleis skal me oppnå det?



## Hagevandring med Ullensvang BS 27.august på Lofthus



Oddmund Frøynes i Nibio viser oss rundt i felt med plommer, eple og pærer.



Demonstrasjon av tynningsvisp i plommefelt.



Thomas Harris i Nibio (fremst til høyre) viser oss rundt i det spennende og innholdsrike bygget til Nibio på Lofthus. Lengst til venstre leiar i Ullensvang BS, Johannes Rogdo.



Nibio stod for grillmat, og det vart ei hyggeleg stund med mat, kaffi og litt landbrukspolitikk. Her har Magnar Velure ordet vedr. BAMA si satsing på dei nye eplesortane Fryd og Eden. Aktuelt tema.



Fin 1.mai-feiring i Odda. Generalsekretær i NBS Anton Langeland var ein av talarane. Det var mange som møtte fram denne dagen, og fleire av dei samla seg bak fana vår. På det første biletet ser me generalsekretæren vår på talarstolen. På det andre er det Siv Helle Prestegard i lag med leiar i Ullensvang BS Johannes Rogdo.

## BLI FAMILIEMEDLEM

*i Bergen og Hordaland Turlag*



Foto: André Martin Ekelund

## Etnemarknaden 2023.



Dag Silde og Arne Lofthus på stand.

Dette året var me heldige med marknadsveret, ikkje for varmt, ikkje for kaldt, og framfor alt var det opphaldsver. Dermed vart det tre fine dagar i Etné.

Me ser at marknaden er blitt mindre dei siste åra, området er krympa og det er færre salsboder. Likevel er det mykje kjekt og interessant.

Landbruksområdet har både store og små maskiner som folk kan sjå nærare på. Teltet vårt er plassert utanfor dyreteltet til Bondelaget. Det er nok ikkje den aller mest sentrale plasseringa, men ein del folk finn vegen til oss. I år hadde me laga ein quiz som dei som ville kunne prøve seg på. Spørsmåla var varierte, men litt i vanskelegaste laget.

Mange fekk NBS-penn i premie likevel. Det likte dei, og me fekk ein prat med mange hyggelege folk.

Stemminga på Etnemarknaden er alltid god, så alt i alt syns me at det er kjekt å vere med. Me trur at det er viktig å vise at me er til stades, både for eigne medlemmer og andre. Om det er nokon som tenkjer at det det kan vere kjekt å vere med å stå på stand ein av dagane til neste år, er de meir enn velkomne. Me treng fleire, så ta gjerne kontakt!

Åse-Marie



Arne Lofthus, Bergljot Bruåsdaal Hesvik, Gudvin Hesvik Volden og Åse-Marie Reisæter.



## Prat med ein lokallagsleiar

**Mari Austvoll Gjengedal har teke ein prat med  
Dag Kyrre Lygre, leiar i Midthordland Bonde- og Småbrukarlag.**

### **Hvordan er det å være leder i Midthordland Bonde- og Småbrukarlag om dagen?**

Eg har vore leiar ein del år, med litt sånn halv dårleg samvittighet kvar gong eg tenkjer på kva eg burde gjort. Sikkert noko dei fleste lokallagsleiarar kan kjenne seg att i. Heilt ærleg skulle eg gjerne gitt stafettpinnen vidare, men det er jo ikkje så enkelt. Ein god bondevenn av oss sa at slike verv i bondeorganisasjonar burde vere besett av folk som har vanleg ni til fire jobb, og ikkje veit kva dei skal finne på i fritida.

### **Det høyrerest jo ikkje så kjekt ut?**

Nei, men det som er rart er at kvar gong vi kjem saman på treff, eller har styremøte, så er det jo veldig triveleg. Og folk har gode idear, og gjer gjerne ein innsats når dei vert spurt eller tek initiativ sjølv. Men nokon må dra i trådane. Heldigvis har vi ein super kasserer i Mari, som følgjer meg og laget opp.

### **Hva er noen av aktivitetene dere har gjort/planlegger i laget?**

Vi har desse jordbrukartreffa vi prøver å få til ein gong i månaden. Det har ikkje heilt blitt det, men jamnlege treff har vi fått til. Det er ein kombinasjon av litt fagleg og sosialt. Det er kjempeviktig å treffast, knyte kontaktar og utveksle erfaringar og daglege utfordringar. Vi er jo litt i same båt, og både gamle og nye bønder tenkjer vi har godt av eit slikt fellesskap. I fjor hadde vi bl.a. grøftkurs med Trygve Torsteinsen, beskjæringskurs i Hålandsdalen, samlingar med tema om birøkt, rekneskapsføring og regenerativt jordbruk med ulike innleiarar. Markvandringer har vi også hatt fleire av, og reine sosiale treff som sommartreff og juleavslutningar. Dette året har vi planlagt Nybrukartreff, ei samling for nye bønder med ulike faglege tema, og så skal vi ha ei samling om samliv i jordbruket, kanskje også om psykisk helse og bonden som bedriftsleiar, har ikkje spikra dette heilt. Vi lagar samlingar om tema medlemene og vi sjølve er interessert i.

### **Hva har vært de viktigste faktorene for å styrke aktiviteten?**

For to-tre år sidan var vi eit lag der vi sleit med å ha meir enn tre medlemmer i styret, og styreverva gjekk på omgang innad i styret. Vi klarte så vidt å arrangere årsmøte med litt fagleg, og kanskje eit anna arrangement. Vi var vel rundt 30 medlemmer i våre den gong 4 kommunar. Men så meldte Kjetil (til Mari) seg inn, og vi fekk dei to inn i styret på eit benkeforslag på årsmøtet vi hadde. Og det var vel Mari som kom med forslaget om å halde jamnlege jordbrukartreff. Vi kunne jo ikkje anna enn å vere einige i at det kunne vore kjekt, sjølv om eg, basert på egne erfaringar, ikkje hadde mykje tru på at nokon ville dukke opp. Eg vart jo heilt sjokkert då den eine etter den andre dukka opp på det fyrste treffet vi hadde. Og då var det jo ingen veg tilbake. Eg trur den viktigaste faktoren er at nokon vil noko, og så berre gjere det. Treng ikkje mykje førebuing eller vere perfekt. Lag ei vaffelrøre og send ut invitasjon til medlemmene via hypersys, eller få Åse-Marie til å gjere det. Og ha ei idémyldring om kva de har lyst til å gjere eller lære i lag.

### **Hva syns medlemmene om tilbudene laget arrangerer? Har dere merket noe på oppslutning eller medlemstall?**

Vi har no godt over 60 medlemmer, så det er vel ei dobling på eit par år. Ein del medlemmer har meldt seg inn på arrangementa vi har. Vi tek litt inngangspengar, der vi har ulik pris på medlemmer / ikkje medlemmer, så det er jo eit løkjemiddel for å melde seg inn. Vi ser at nokre

tema trekkjer meir folk og ulike typar folk enn andre. F.eks grøftekurset fekk vi mange påmeldte på, ein del folk vi ikkje har sett att på andre treff.

### **Har du noen gode råd til andre lokallag?**

Eg har stor forståing for at det kan vere vanskeleg å få aktivitet i lokallaga. Og det er svært vanskeleg å få til noko aleine. Punkt 1 må difor vere å få laga ei kjernegruppe, anten ved hjelp av vaffelrøre, eller bruke eksisterande folk. På møtet bruker de fantasi og interesse til å finne på neste treff. Eit viktig triks er å fordele oppgåver, og bestemme dato for neste møte eller treff, på møtet de har. Oppgåva for leiar vert då å minne folk på oppgåvene dei har fått, og kalle inn til neste møte (som allereie er bestemt). Då lagar ein det mykje lettare for seg sjølv, og sjansen for å få til jamnleg aktivitet vert mykje større.



- Mari



**NLR**

Vi er her for å gjøre  
bonden bedre

Norsk Landbruksrådgiving SA | nlr.no | vest@nlr.no | 99 12 40 00

## Bybonden i Bergen

Bybonden er ansatt hos Stiftelsen Lystgården, og jobber for folk i Bergen og Vestland. Stiftelsen Lystgården er eit hus for mat og urbant landbruk, eit hus for fellesskapet. Stiftelsen er starta av nabolagsbevegelsen Bærekraftige liv.

Bybonden liker å sei at dei arbeider med jord, bord og ord og hovudmålet deira er at menneska i Bergen skal dyrka meir av sin eigen mat og på den måte få opp auga for verdien av maten og arbeidet som ligg bak den. Dei arbeider med nabolagsdyrking, held kurs og foredrag for private, bedrifter og organisasjonar, dei jobbar inn mot barnehagar og dei har jobba fram eit stort skulehageprosjekt for Bergen kommune der til saman heile 42 skulehagar er etablerte no, både i offentlege og private skular. Dei jobber og med å anlegga parsellhagar og dei dyrkar i sentrum av Bergen for å auke bevisstheit rundt matproduksjon. Dei har og kurs i korleis du skal etablere din eigen marknadshage, dei driv formidling mellom landeigarar og folk som ynskjer å leiga jord og dei deltek aktivt i samfunnsdebatten kring jordbruk, matberedskap, klima og miljø og kosthold. Byutvikling og utviklinga av Vestlandet som region er viktig for Bybonden, dei bruker difor ein del tid på å komme med innspel til strategier og planar og dei er involverte i fleire prosjekt på tvers av byen, kommunar, vestlandet og nasjonalt.

Dyrking av eigne grønnsaker gjer deg ikkje berre eigen mat, det bidreg og til auka beredskap, eit rikare sosialt liv, læring og kjensle av fellesskap. Småskala dyrking skapar vinst for samfunnet både når det gjeld klima, folkehelse og miljø.

I Bergen er det no eit team av bybønder som arbeidar for å auke folks bevisstheit kring kvar maten kjem frå, kor mykje arbeid som ligg bak eit måltid og kva det betyr å ta vare på matproduksjonen vår og dei norske og lokale matprodusentane. Mange av prosjekta deira dreier seg om å få folk til å ete meir lokalprodusert mat.

I tillegg til Bybøndene Katinka Kilian og Kristin Hermansen byrjer no vårt eige fylkesstyremedlem i Hordaland NBS Tina Bøe Buer som Bybonde hos Lystgården. Tina er agronom i økologisk landbruk, utdanna ved Stend og Sogn Jord- og hagebruksskule, ho er oppvaksen på eit småbruk med sau på Os og ho driv aktivt med dyrking av grønnsaker, bær og frukt til eige bruk og sanking av sopp og spiselige vekster for sal. Vi er spent på å følge Tina og resten av Bybondeteamet vidare!



## **Bondens marknad i Bergen.**

Bondens marknad i Bergen har eksistert sidan 2003, og har kvart år arrangert marknad sentralt i Bergen ca. kvar 14.dag gjennom mesteparten av året. Produsentane som sel varene sine består av bønder og lokalmatprodusentar frå heile vestlandet. Her er det gode moglegheiter til å selga maten du produserer på ein enkel og god måte. Grønsaksprodusentar er svært ynska av forbruker, og vil truleg ha godt sal.

Bondens marknad vart starta etter initiativ av bl.a. Norsk Bonde- og Småbrukarlag, og skal vere ein lavterskel salskanal for lokalprodusert småskalamat.

2023 har vore eit veldig godt år for Bondens Marked Bergen, og salet går veldig bra. Plasseringa på fisketorget i Bergen er midt i blinken og ein treff på mange nye fjes kvar einaste marknad.

Miljøet mellom produsentane er nyttig og godt og det er utruleg kjekt å stå i lag på marknadane. Me deler erfaringer og gode historier – dersom det er tid til det innimellom. Dagleg leiar Matthijs tek oss godt i mot på morgonen, og viser til kart og plassering for kor du skal stå. Treng du ei hand med å få opp teltet ditt, eller bæra tungt utstyr er produsentar og Matthijs alltid imøtekommande og behjelpelige. Ser me at andre treng hjelp, så strekk me ut ei hand! Her er me ein del av eit felleskap.

Dei faste kundane er det mange av, og det er desse som gjer det verkeleg verd å vera med på bondens marked. Det personlege møtet mellom kunden og produsent har høg verdi, for begge partar. Kunden får utfyllande informasjon om produksjonen til matvaren, medan produsenten vår nyttige attendemeldingar om produktet. Det gjev og ein giv i det til tider tunge arbeidet med matproduksjon, at ein blir sett og verdsett av forbrukar direkte. Me treng fleire som forstår arbeidsmengde og kostnader med matproduksjon i Norge, og støttar dette. Med direkte handel mellom produsent og forbrukar så gjer me ein viktig jobb i å byggja støttespelarar.

Vil du ha meir informasjon, eller kan tenkje deg å verte prøve-produsent i Bondens marknad Bergen, ta kontakt på [bergen@bondensmarked.no](mailto:bergen@bondensmarked.no)

Produsent på Bondens Marked og bonde,  
Irene Dalland

**HARDANGER  
FJORDFRUKT BA**



**Tlf. 40 03 48 80**  
**[www.fjordfrukt.no](http://www.fjordfrukt.no)**

## Hordaland Nei til EU



ønskjer Hordaland Bonde- og Småbrukarlag lukke til med årsmøtet 2024 og med det viktige arbeidet laget gjer for norsk landbruk.

Hordaland NtEU arbeider for eit EU-fritt Norge og for å erstatta EØS-avtalen med ein likeverdig avtale som ikkje fører med seg tap av folkestyre og sjølvråderett.

Me håpar at mange i Bonde- og Småbrukarlaget støttar denne kampen, og me inviterer til medlemskap i organisasjonen vår.

Me ser fram til eit godt samarbeid i åra som kjem.



 [www.neitileu.no](http://www.neitileu.no)



**Mjølkepumpe** for sau, geit og ku. Enkel i bruk.  
**Råmjølkerstatning** - reddar tusenvis av lam.  
**Lammebar** - med 5 eller 10 smokkar monterte oppe. Størrelse 20 til 65 liter.

### Drikkeutstyr



Vi har alt du treng for montering av drikkeutstyr til husdyr. Mange modellar drikkekar, stål- og plastrør, rørdelar m.m.

## Nessemaskin

Sjøarsv. 5, 6994 Nessane, Tlf. 57 69 48 00  
[www.nessemaskin.no](http://www.nessemaskin.no)



# Vekselbanken

– ein god medspelar –



## REKO-ringene 2023

Sidan oppstart av REKO-ring under prosjektet «Matnyttig» i 2017 har utviklingen av REKO-ringar i Norge vore enorm. REKO-ringar i hele Norge har blomstra opp det var over 134 REKO-ringar i Norge i 2023. Interessa for REKO-ringar har vært stor og NBS har hatt veldig mange henvendingar i forbindelse med REKO og dei ulike utfordringane salskanalen står i.

I 2023 har NBS hatt REKO-prosjekt fram til og med september 2023. Irene Dalland har vore ansatt som prosjektleiar. I prosjektet har det blitt jobba mykje med kva vegen vidare for REKO skal vere, og kva ynskjer REKO-miljøet. Det har vore krevjande då variasjonen i miljøet er stor. Nokre reko-ringar ynskjer å fortsetja som før, andre vil ha på plass ei anna bestillingsløyning, nokon vil samla miljøet i ein felles organisasjon. Det vart difor bestemt at REKO-prosjektet til NBS skulle bli satt på pause for ein periode, slik at reko-miljøet sjølv kunne få moglegheit til å samla seg sjølv på ein sjølvstendig måte.

Hausten 2023 blei det gjennomført eit digitalt nasjonalt møte der alle produsentar og administratorar i Norge blei invitert. Det stilte over 110 menneske til møtet og konklusjonen var at det blei satt ned ei arbeidsgruppe med menneske frå heile landet, som skulle jobba fram dei moglegheitene som REKO har i forbindelse med organisering. Tanken er då eit nytt nasjonalt møte digitalt i 2024 med avstemming for kva veg reko-miljøet ynskjer å gå vidare. Dersom DU ynskjer å vere med på dette møtet, vil det komma informasjon om tidspunkt på facebookgruppa «REKO nasjonal – for produsentar og administratorar» når det er klart. Meld deg gjerne inn der!

REKO salskanalen står ovenfor ein del utfordringar. Ein er synlegheit og markedsføring. Ein anna er sal, bestillingar. Ein tredje er oppretthalding av kvalitet og mattrygglei. Desse utfordringane vil vera enklare å ta stilling til dersom miljøet vel å organisere seg. Det blir difor særspanande å sjå kva avstemminga på det neste nasjonale møtet blir. Norsk Bonde- og Småbrukarlag ynskjer fortsatt å vere ein brubrygger mellom produsentane og organisasjonen, og er jevnleg i kontakt med reko-miljøet.

Salget på REKO-ringene har i lengre tid vore nedgåande. Men frå hausten 2023 begynte salet å visa auke igjen, som er veldig bra. Det er ikkje statistikk tilgjengeleg på tala, men produsentar særleg i Vestland, men og andre stader i Norge fortel om auka sal. Kva som er grunnen til dette er uvisst, men at det har samanheng med at det er ein auke av bevisste forbrukarar kan vera sannsynleg.

Nettside: [www.rekonorge.no](http://www.rekonorge.no)

På nettsida finn du informasjon om kvar det er REKO-ringar i Norge, korleis starta opp ein REKO-ring, korleis administrera ein REKO-ring, korleis selga varer på ein REKO-ring, veikart for produsentar og mykje meir. Den er lett tilgjengeleg og oversiktleg. Henvis gjerne personar til denne sida dersom dei lurar på noko angående REKO-ringar i Norge.

Vyrde helsingar

REKO-administrator, engasjert produsent og tidlegare ansatt i REKO-prosjektet  
Irene Dalland



# Nortura

bondens selskap



# Felleskjøpet

Rogaland Agder — siden 1899

## Hvorfor skal jeg være eier av TINE-samvirket?

- Et samvirke som jobber for best mulig økonomisk resultat fra din melkeproduksjon.
- Trygg og forutsigbar avsetning av melka.
- Tilgang til verdifull kompetanse i alle deler av melkeproduksjonen.
- En gunstig startpakke som ny bruker.
- Et godt faglig og sosialt miljø i produsentlaget.
- Et samvirke som sikrer deg konkurransekraft og påvirkning videre i verdikjeden.



SAMMEN SKAPER VI ET LEVENDE NORGE

[medlem.fine.no](http://medlem.fine.no)

TINE



## Nye medlemmer til NBS

Me har teke ein prat med Lars og Hilde Selheim som driv Selheim Gard og Voss Gardsslakteri. I fjor vinter 2023, melde dei overgong til NBS etter mange år i Norges Bondelag. Hilde hadde i mange år vore støttemedlem i NBS, men Lars og gardsdrifta har vore medlem i NB fram til i fjor.

*Kva som gjer at de har vald å gå i frå Bondelaget til Bonde- og Småbrukarlaget?*

Norge treng ein ny landbrukspolitikk etter fleire tiår med feil resept. Det må drastiske endringar til og det har me ikkje tru på at BL hverken ynskjer eller evnar.

Den altfor tette relasjonen mellom BL, Tine og SP har frustrert oss i mange år.

Bondeopprør gav oss håp og tru på ei endring og då Tor Jacob Solberg kom til makta var me endå sikrere på at NBS var vårt lag.

Nordstad sin inntreden i landbrukspolitikken har og gjeve tru på at det me har meint lenge, kan verta tema på den store arenaen. Skuffande mange tillitsvalde i BL og Tine har hakka på og kritisert Nordstad istaden for å støtta han i den enormt gode jobben han gjer for norsk landbruk.

*Andre ting du ynskjer å nevne?*

I prosessen med å byta lag vart me og klar over den store skilnaden i forsikringsrabattar hjå Gjensidige mellom BL og NBS. Ifølge Gjensidige var det eit krav hjå BL i siste forhandlingsrunde at BL skulle ha vesentleg betre rabatt enn yrkesbrør i NBS. Me tykkjer slike haldningar er grunn nok i seg sjølv til å melda overgang.

Irene





Vi hjelper deg til enda bedre resultater!  
Ta kontakt med oss for en hyggelig  
prat om våre konkurransedyktige  
priser og vilkår.

Fatland Oslo:  
97 69 26 50



VOSS

## Landbruksrekneskap

- komplett, enkelt i bruk, Altinn
- svært gode tilbakemeldingar
- innarbeidd gjennom tre tiår
- kompetent brukarstøtte

Kr **2600** pr. år / brukar  
Krav: Excel 2010 eller nyare

landbruksdata  
VOSS as

Tlf. 56 52 98 55 - [www.landbruksdata.no](http://www.landbruksdata.no)

## Bama og Gartnerhallen

Sumaren 2023 gjekk det ein stor debatt og mange avisoppslag rundt Bama og utfasinga av sortar som ein del av Bama sin strategi for ønskja konsumeple i butikk. Dette kom fram hovudsakleg som eit skriv som gjekk ut frå Gartnerhallen i form av ein produksjonsplan der fleire sentrale sortar som mange nyttar i sine hagar her i Vestland, skulle fasast vekk. Sortar som Discovery, Prins, Summered, Åkerø, Elstar og Rubinstep skulle alle bli underprioritert til fordel for meir “gunstige” og “ønska” sortar frå grossist, butikk og forbrukar, var det sagt. Sjølv om utfasing av sortar har vore ein realitet i fruktneringa i mange år, frå forskjellige hald, enten gjennom Eu-direktiv, endra forbrukarvanar, ønskje om betre lagring, osv. var dette ein uvanleg dramatisk reduksjon av etablerte sortar. Og dei nye sortane som skulle erstatta fleire av desse sentrale sortane var to nye sortar som Gartnerhallen har ønskja å satsa stort på, nemleg Eden og Fryd. Lisensrettighetane til Eden og Fryd har vist seg å vere eigd av Bama. At ein grossist har lisens på eplesortar er ganske nytt her i Noreg. Sortar har ein stort sett kjøpt eller poda sjølve og dyrka sjølve. Men med denne nye utviklinga til Bama, og eigne sortar, kom det ei ny ordning. Der bønder som skulle planta desse sortane også måtte betala lisensavgift for kvart enkelt tre ein ville planta.

Mykje av grunnen til at denne saka fekk så mykje merksemd i sumar var (etter vår meining) eit godt arbeid frå lokalt og sentralt hald i Småbrukarlaget. Ullensvang BS var tidleg på ballen og tok direkte kontakt med Tor Jacob Solberg på møtet Hordaland BS arrangerte på Voss i juni 2023. Tor Jacob ville ta saka vidare, men istadenfor å gå direkte til media, og gjera det til ein “NBS-sak” meinte han det ville vere lurt å la media få nyss i saka “sjølve”. Og det var gjennom lekkasjen til Nettavisen av produksjonsplanen som Gartnerhallen sendte ut, som fekk ballen til å rulle. Og skapte nasjonal merksemd og mykje motstand mot strategien til Bama. Diverre er ikkje denne utviklinga stoppa.

I januar 2024 kom det ut eit informasjonsskriv frå Gartnerhallen der ein annonserte at for å få godkjent nye planteplanar måtte ein få direkte godkjenning frå Gartnerhallen sjølve. Tidlegare har dette vore eit samarbeid mellom det respektive fruktlageret og Gartnerhallen. Men no, med ein ny utvikling, er det kun Gartnerhallen som står som godkjennande instans for fornying og nyplanting av fruktfelt. Samstundes legg Gartnerhallen vekt på at det ikkje er plass til meir nyplanting, då ein fryktar overproduksjon. Ein vil kun ha replanting, der ein og signaliserer at fleire eldre sortar vil ikkje bli godkjent til replanting. Gartnerhallen brukar då landbruket sine eigne IBU-midlar, som er forhandla fram i jordbruksforhandlingane, som eit pressmiddel for sin sortspolitikk.

Med eit par kjappe trekk frå Gartnerhallen og Bama har ein tatt eit strupetak på heile fruktneringa, der ein i perioden fremover kjem til å sørga for at når bonden no vil fornya feltet sine, vil mest sannsynleg kun dei ønska sortane (Eden og Fryd), med få unntak, bli godkjent. Samstundes sørgar ein for at bønder som ønskjer midlar frå Innovasjon Norge i åra framover heller må fokusera på å erstatta sine gamle felt istaden for å planta nytt. I praksis ein effektiv igongsetting av sitt sortsmonopol. Dette er ein utrøleg skremmande utvikling i fruktneringa. Som både gjer mindre spelerom til bøndene, tvingar dei inn i eit veldig spesifikt sortsutval, med tre ein ikkje eig sjølve eingong. Samstundes som det fjernar mykje av rådigheita fruktlager har hatt som ein planleggjande instans for sin region.

Dette må bli ein viktig sak for NBS framover, då me som bondens organisasjon må kjempa for at me som produserer frukt og grønt har rådigheit og autonomitet i kva kulturar og sortar me plantar sjølve. Me kjenner vår eigen arbeidskvardag best, og veit kva som passar inn i våre



hagar og kvardagar. Det kan ikkje vere Bama og Gartnerhallen åleine som skal bestemma korleis frukthagane i landet skal sjå ut.

Sindre



---

# ULLENSVANG

---

## FRUKTLAGER



## **Innlegg i Nationen september 2023:**

### **Kva tid får jordbruket ærleg og rett talgrunnlag?**

Av Leif Grutle, leiar Hordaland Bonde- og Småbrukarlag  
Stig Arild Helgesen, leiar i Rogaland Bonde- og Småbrukarlag  
Grim Jardar Aasgård, leiar i Hedmark Bonde- og Småbrukarlag.

Det er no to år sidan den nye regjeringa lova bøndene og jordbruket "jamnstilling på rett talgrunnlag". Dette skulle gjelde «alle produksjonar og alle distrikt».

Det fyrste året venta bøndene på at det såkalla Gryttenutvalet skulle leggje fram sine tal og vurderingar. Dette utvalet slår fast at 34 prosent av jorbruksforetaka tapar eller går i minus, på å drive jordbruket sitt. Medianinntekta er 212.000 kr (2020) per årsverk, for å forsyne landet med trygg og god mat. Samt matvareberedskap og landskapspleie. Og eigenkapitalavkastinga er og blir negativ.

Ein skulle tru at fag- og interesseorganisasjonane i jordbruket var i harnisk over denne situasjonen. Men nei. Framleis er jordbruket lett bytte for løgner og utsetjing av lovnadar. Stortinget fjernar seg lenger og lenger vekk frå sine eigne målsetjingar om med anna landbruk over heile landet, matvaresikkerheit og berekraft.

Kvifor er det slik at det er jordbruket som skal forhandle om matvaretryggleiken i landet vårt? Burde det ikkje vere staten si oppgåve å forhandle med bøndene om vilkår for å gjere den jobben på ein god måte? I staden held ein fram med løgnene om alle milliardane som blir brukt. Avtalen dette året, omtalt som «tidenes jordbruksavtale», gir reell kjøpekraftnedgang for jordbruket. Under begrepet «effekt av finansiering», blir kring 4 milliardar borte som reell utgift for jordbruket. Kva er igjen då? Deretter set ein likheitsteikn mellom moglegheit for omsetningsvekst og lønsauke, og får dette til å sjå flott ut på papiret.

Verktyet for produksjonsregulering blir heller ikkje brukt i avtalen, noko som igjen forverrar den økonomiske situasjonen til bøndene.

Effektiviseringsgevinst tilfell aldri jordbruket, den blir trekt frå. I tillegg er denne effektiviseringa med på å forme jordbruket og arbeidsvilkåra for bøndene i ein svært negativ retning.

Dagens måte å berekne jordbruksinntekt på har trulig hatt ei kostnadsramme for jordbruket på minus 12 milliarder dei siste 3 åra.

Skal vi fortsetje med å godta dette?

Hovudårsaka til at det ikkje skjer eit «skikkeleg» opprør i jordbruket, ligg hos Norges Bondelag. Sentrale tillitsvalde uttrykkjer ofte «Me gir aldri frå oss moglegheiten til å forhandle» og «Bondelaget har alltid eit mål om å forhandle». Med dette utgangspunktet blir det å få vere med å forhandle viktigare enn det ein faktisk oppnår. Og måten ein forhandlar på blir heller ikkje lagt tilstrekkeleg press på.

Utan at det kjem eit realt opprør og krav om rette og ærlege tal, held jordbruket fram med å bli spist opp innanfrå. Begge organisasjonane må allereie no sei klart frå om at jordbruket ikkje kan halde fram med å forhandle med talgrunnlag som ikkje speglar verkelegheita.

## Sommartur til Fedje og Kilstraumen med HBS og SFBS 7.-9.juli 2023



Fedje



Kilstraumen Brygge. Ein triveleg plass å bu.





Spennande omvisning og prøvesmaking på Feddie Ocean Distillery.



«Gutta på benken».  
Odd Bildøy  
Eivind Arefjord  
Jarle Helland  
Håkon Osland



Isbilen svikta ikkje denne gongen heller.

Rekneskap 31.12.23	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
<b>Driftsinntekter.</b>			
Kontingentar	251 902	210 000	260 000
Sekretærtilskot NBS	35 000	35 000	35 000
Lysingar i årsmeldinga	52 700	60 000	50 000
Møte - studietilskot	29 750	25 000	20 000
Medlemstilskot	27 201	25 000	27 000
Andre inntekter	50	500	500
Renteinntekter/kundeutb.	2 152	1 000	4 000
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>398 755</b>	<b>356 500</b>	<b>396 500</b>
<b>Driftskostnader.</b>			
Støtte til prosjekt	15 000	0	0
Løn leiar	35 000	35 000	35 000
Løn sekretær	146 600	146 600	154 000
Div. adm. Kostnader leiar	0	7 000	7 000
Arbeidsgivaravgift	25 606	25 606	26 650
Kontorutgifter/telefonutg. Adm. Sekretær	11 000	11 000	11 000
Styreutgifter	44 730	17 000	25 000
Årsmøte	10 014	20 000	25 000
Årsmelding m/utsending	40 346	40 000	43 000
Reiser og representasjon	59 184	15 000	25 000
Kurs, møter, informasjon m.m	0	3 000	3 000
Lysingar, honorar	0	2 000	2 000
Porto, tidskrifter m.m. sekretær	4 133	5 000	4 000
Rekneskap og kasserarverksemd	18 814	17 000	20 000
Tilskot til lokallaga	0	0	0
Forsikring	1 146	1 300	1 200
Gåver og helsingar	2 954	3 000	3 000
Standutgifter/reklame	11 293	6 000	10 000
Andre utgifter	1 100	6 000	5 000
Renteutgifter/tap på krav	0	1 000	1 000
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>426 920</b>	<b>361 506</b>	<b>400 850</b>
<b>Driftsoverskot/underskot</b>	<b>-28 165</b>	<b>-5 006</b>	<b>-4 350</b>



## Balanse 2023

Kontingent og medl.ref. ikkje utb. 31.12.	84 868
Kundefordringar	6 400
Forskuddsbetalte kostnader	104
Vb 1076644	84072
Vb 6442177	78050
Skattetrekkkonto	23 730
<b>Sum eigendelar</b>	<b>277 224</b>

### Eigenkapital og gjeld

Eigenkapital 0 01.01.2023	262 731
Overført resultat	28 165
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>234 566</b>


### Gjeld

Leverandørgjeld	8 827
Skuldig skattetrekk	23 730
Skuldig arbeidsgivaravgift	10 102
Sum leverandørgjeld	11 870
<b>Sum gjeld</b>	<b>42 659</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld 31.12.23.</b>	<b>277 224</b>

**Voss 18.01.24.**

**Åshild Kvarekvål**

Autorisert rekneskapsfører



## På lag med landbruket

Forsikring

Pensjon

I Gjensidige er vi stolte av å samarbeide med Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Sammen kombinerer vi erfaring og ekspertise slik at du kan sikre deg og dine, og alt som er ditt.

Som medlem av Norsk Bonde- og Småbrukarlag får du gode rabatter på privatforsikringer, driftsforsikringer og pensjon hos Gjensidige.

Les mer på [gjensidige.no/landbruk](https://gjensidige.no/landbruk), eller ring oss på 915 03100.



Norsk Bonde-  
og Småbrukarlag

Gjensidige

